

Olje- og energidepartementet  
pb 8148 DEP  
0033 Oslo



**Møre og Romsdal fylke**  
FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 16082/2008/	Bengt Endreseth, 958 78 883	29.05.2008

### **Høyring - forslag om blokker til utlysning i 20. konsesjonsrunde.**

Viser til brev datert 22.05.08 og 27.05.08.

Vedlagt her følger sak U 55-08 Høyring – forslag om blokker til utlysning i 20.konsesjonsrunde.

#### Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 26.05.2008

*Møre og Romsdal fylke seier seg nøgd med at det er innført ei ny ordning der det er høve til å gi uttale til innhaldet i konsesjonsrundane for tildeling av petroleumslisensar før desse vert lyst ut.*

*Møre og Romsdal fylke rår til at felta 6204 og 6205 blir tatt ut av 20. konsesjonsrunde og tatt opp til behandling når forvaltningsplanen for Norskehavet ligg føre.*

Med helsing

Olav Bratland  
fylkesordførar

Bergljot Landstad  
regional- og næringsdirektør

Vedlegg: Vedtak frå fylkesutvalet 26.05.08

## **U 55-08 Høyring - forslag om blokker til utlysing i 20. konsesjonsrunde**

### **Behandling i Fylkesutvalet - 26.05.2008**

Iver Nordseth, V, fremma følgjande forslag:

"Fylkesutvalet set ned eit ad-hoc-utval som skal følgje høyringsrunda for "Helhetlig forvaltningsplan for Norskehavet", og utarbeide saksutgreiing med forslag til høyringsuttale slik at fylkesutvalet kan fatte vedtak innan fristen 22. august 2008 (FU-møte 25.08.08). Administrasjonen stiller med sekretær for utvalet."

Votering:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Forslaget frå Nordseth vart samrøystes vedteke.

### **Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 26.05.2008**

Møre og Romsdal fylke seier seg nøgd med at det er innført ei ny ordning der det er høve til å gi uttale til innhaldet i konsesjonsrundane for tildeling av petroleums-lisensar før desse vert lyst ut.

Møre og Romsdal fylke rår til at felta 6204 og 6205 blir tatt ut av 20. konsesjonsrunde og tatt opp til behandling når forvaltningsplanen for Norskehavet ligg føre.

Fylkesutvalet set ned eit ad-hoc-utval som skal følgje høyringsrunda for "Helhetlig forvaltningsplan for Norskehavet", og utarbeide saksutgreiing med forslag til høyringsuttale slik at fylkesutvalet kan fatte vedtak innan fristen 22. august 2008 (FU-møte 25.08.08). Administrasjonen stiller med sekretær for utvalet.

## saksframlegg

Dato: 05.05.2008 Referanse: MR 12932/2008 Vår saksbehandlar: Bengt Endreseth

Saksnr **29/08** Utval Nærings- og miljøutvalet Møtedato 13.05.2008  
**U-55/08** Fylkesutvalet 26.05.2008


### Høring - forslag om blokker til utlysning i 20. konsesjonsrunde

#### Bakgrunn

Olje og energidepartementet inviterte oljeselskapa til å nominere blokker som dei ønskte skal vere ein del av 20. konsesjonsrunde på norsk kontinentalsokkel. Invitasjonen blei sendt til alle rettighetshavarane på sokkelen og til prekvalifiserte selskap.

Det blir arrangert to typar konsesjonsrundar på norsk kontinentalsokkel. Dei ordinære konsesjonsrundane som dei siste år har vore arrangert kvart andre år og gir utvinningsløyve i umodne delar av sokkelen. Dei årlege konsesjonsrundane som går under namnet "tildeling i forhåndsdefinerte områder" (TFD) fokuserer på dei modne delane av sokkelen der geologien er kjent og infrastrukturen er godt utbygd.

Proessen for 20. konsesjonsrunde er vist nedanfor.



20. konsesjonsrunde , anbefalte blokker i Norskehavet:










## Fiskeriinteresser

(Kilde: Runde Miljøsenler)

Oseanografiske og klimatiske tilhøve er grunnleggande faktorar for dei store biologiske ressursane i havet utanfor Møre og Romsdal. Havmiljøet er sterkt påverka av den salte og varme Golfstraumen. I tillegg får ein tilført vatn frå den Norske kyststraumen som har sitt opphav i Østersjøen. Desse havstraumane møtest utanfor Møre og Romsdal og skaper ideelle temperaturforhold for gyting for mange fiskeslag, og gode næringsforhold for oppvekst av yngel.

## Surface Currents



Figur Viktige havstraumar i Nord-Atlanteren. Kilde: Svein Østerhus, Geofysisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Sokkelen utanfor Møre og Romsdal er hovudgyteområde for Norsk Vårgytande sild (NVG). Denne bestanden er for tida den største fiskebestanden i Nord- Atlanteren, med ein gytebestand på over 10 mill tonn. Sildegytinga føregår i februar-mars. Silda legg egg sine på botnen, der den ligg ca 1 måned før den blir klekt. I denne perioden ligg der ca 0,5 -2 mill tonn egg på desse gytefelt. Etter klekking driv larvar og yngel nordover langs kysten til oppvekstområda i Barentshavet og Norskehavet. Sildeegg, yngel og vaksen sild har enorm betydning som mat for annan fisk og for fugl og har dermed svært stor betydning for miljø og næringsliv langs heile kysten, ikkje berre utanfor Møre og Romsdal.


Silda har i løpet av dei siste åra blitt bygd opp igjen etter at bestanden kollapsa på 1960 talet. Dermed har haustinga av bestanden kunna aukast. Totalkvoten for alle land som haustar av bestanden er i år på ca 1,7 mill tonn. Denne fangstmengda tilsvarar meir ein 1% av verdas total fangst av fisk pr år.



Andre fiskeslag har og viktige gyteområde utanfor kysten av Møre og Romsdal, men det er særleg Norsk Vårgytande sild som skil desse gytefelta frå andre som kan kome i konflikt med undersøking og boring etter olje.

### Sjøfugl

Sjøfugl ressursane utanfor Møre og Romsdal er av internasjonal interesse. Fuglekolonien på Runde har ca 500.000 hekkande fugl pr år. Dette er det einaste fuglefjellet I Sør Norge.




Figur 3. Sjøfugl koloniar i Noreg med meir enn 100 hekkande par. ( Fisken og havet no 6. 2007).



### Sårbarheit

I samband med utarbeidinga av Stortingsmelding nr 14 (2004-2005) om sjøsikkerheit og oljevernberedskap vart sårbarheit for oljeutslepp vurdert. Figur 4. viser at områda utanfor Møre og Romsdal har høgast sårbarheit for oljeutslepp.



### Forvaltningsplan for Norskehavet

For den nordre delen av norsk kontinentalsokkel blir det i nomineringa av blokker til 20.konsejnsrunde vist til forvaltningsplan for Barentshavet (St.meld. nr. 8 (2005-2006)).

Forvaltningsplanen for Norskehavet er som kjent under utarbeiding og kan såleis ikkje vere referanse til i denne samanheng

Miljøverndepartementet uttaler følgjande om Forvaltningsplanen for Norskehavet:

**Miljøtilstanden i Norskehavet regnes som relativt god og stabil.**

**Norskehavet er også et rikt hav med viktige næringer som har betydelig aktivitet. En helhetlig forvaltningsplan vil være et godt verktøy for bærekraftig forvaltning av Norskehavet i årene framover. Ved å bruke erfaringene fra arbeidet med Barentshavet skal den norske modellen for helhetlig og integrert havmiljøforvaltning videreutvikles.**

Geografisk avgrensning

**Helhetlig forvaltningsplan for Norskehavet skal geografisk dekke områdene utenfor grunnlinjen i norsk økonomisk sone fra Stad 62°N og nord til 80°N, inkludert dypvannsområder i Norsk økonomisk sone vest for Barentshavet og i Fiskevernsonen ved Svalbard, samt Fiskerisonen ved Jan Mayen og "Smuthavet". Det faglige arbeidet skal dekke hele dette området, mens tiltak i planen kun vil omfatte områder under norsk jurisdiksjon.**

Tidsmessig avgrensning

**Miljøverndepartementet tar sikte på å fremme en stortingsmelding om helhetlig forvaltning av Norskehavet våren 2009.**

### **Oppsummering og konklusjon**

Offentleg høyring av forslag til blokker for utlysing i konsesjonsrunde er ei ny ordning.

Frist for uttale er innafor minimumsfristen, men synest for kort for å kunne vurdere og gi uttale som ivaretar alle interesser i Norskehavet.

Ein har såleis like liten mulegheit for å anbefale vern av omtalte gyteblokker som å gi sin tilslutning til å opne for petroleumsaktivitetar. Det naturlege synest derfor å vere å anbefale ei utsettjing av behandlinga av omtalte felt 6204 og 6205, som vil omfattast av forvaltningsplanen for Norskehavet, til denne ligg føre med dei evt avgrensingar denne gir ut frå eit fagleg grunnlag.

### **Forslag til vedtak:**

Møre og Romsdal fylke seier seg nøgd med at det er innført ei ny ordning der det er høve til å gi uttale til innhaldet i konsesjonsrundane for tildeling av petroleumslisensar før desse vert lyst ut.

Møre og Romsdal fylke rår til at felt 6204 og 6205 blir tatt ut av 20. konsesjonsrunde og tatt opp til behandling når forvaltningsplanen for Norskehavet ligg føre.

### **Behandling i - Nærings- og miljøutvalet:**

Votering: Forslaget vart samrøystes vedteke

### **Samrøystes vedtak frå Nærings- og miljøutvalet - 13.05.2008**

Møre og Romsdal fylke seier seg nøgd med at det er innført ei ny ordning der det er høve til å gi uttale til innhaldet i konsesjonsrundane for tildeling av petroleumslisensar før desse vert lyst ut.

Møre og Romsdal fylke rår til at felt 6204 og 6205 blir tatt ut av 20. konsesjonsrunde og tatt opp til behandling når forvaltningsplanen for Norskehavet ligg føre.

### **Fylkesdirektørens tilråding:**

Møre og Romsdal fylke seier seg nøgd med at det er innført ei ny ordning der det er høve til å gi uttale til innhaldet i konsesjonsrundane for tildeling av petroleumslisensar før desse vert lyst ut.



007



Møre og Romsdal fylke rår til at felt 6204 og 6205 blir tatt ut av 20. konsesjonsrunde og tatt opp til behandling når forvaltningsplanen for Norskehavet ligg føre.

Ottar Brage Guttelvik  
Fylkesdirektør

Bergljot Landstad  
regional- og næringsdirektør